



# Hadeland dialekt- og mållag

Til Kulturdepartementet att. Silje Eikemo Sande  
Silje-Eikemo.Sande@kud.dep.no <Silje-Eikemo.Sande@kud.dep.no>;

Gran, Hadeland, 18. januar 2023

## **Innspel til tema for møtet 10. januar 2023: Offentlege tilskotsordningar og tiltak**

*Aktuelle spørsmål til oss:*

- 1. Korleis kan verkemiddel og tiltak på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå innrettast best for å forenkle og samordne ordningar for kulturfrivilligheita?*
- 2. Korleis kan offentlege styresmakter få til eit godt samarbeid og samspel med frivillige organisasjonar?*
- 3. Korleis kan eit regionalt kulturfond innrettast for å supplere – og ikkje overlape - ordningar som allereie finst?*
- 4. Korleis kan eit regionalt kulturfond innrettast på ein måte som minimerer dei administrative byrdene?*

### Om oss:

Hadeland dialekt- og mållag tilbyr litteraturformidling på regionalt og nasjonalt nivå. Vi søker om stønad til prosjekta våre frå Gran kommune, Innlandet fylkeskommune, Kulturrådet (Norsk kulturfond), Fritt Ord, Sparebankstiftelsen Gran og Norsk Forfattersentrum.

Vi rapporterer til alle som står prosjekta (arrangementa) og til Tono når vi har musikalske innslag. Kulturformidling er kostbart. Vi tilbyr kunstnarane standard sats og forhandlar derifrå. Kunstnarane vi inviterer skal sjølvstøtt ha dekket honorar, transport, kost og ev. overnatting. Tonoavgift skal betalast. Vi som gjer arbeidet gratis er nøgde med fri inngangsbillett og hyggelege tilbakemeldingar frå gjester og publikum.

Laget vårt har to årlege minnearrangement der vi ikkje kan ta inngangsbillett, men talaren ber ofte om honorar, utlegg til reise og diett. Dette er drift, ikkje prosjekt.

Vi takkar for interessant møte og vil bidra med følgjande innspel:

---

Hadeland dialekt- og mållag, c/o leiar Reidun Ramse Sørensen, Haugsbakkliå 12, 2770 JAREN  
Orgnr. 916 301 189 Bankktonr. 2280 43 25380 [reidun@hebb.no](mailto:reidun@hebb.no) tlf. 922 98 745

#### Til spm 1:

A For oss som søker stønad på alle nivå, hadde det vore ein fordel om søknadsskjemaet hos offentlege instansar (Kulturrådet/Norsk kulturfond og hos fylkeskommunen) kunne vore samordna betre. No må vi plukke frå kvarandre budsjettet vårt for å fylla obligatoriske rubrikkar i Norsk kulturfond sitt søknadsskjema.

B Rimeleg grad av samordning ville også letta arbeidet med rapportering i obligatoriske tekstbolkar og rubrikkane i søknadens budsjett vs. rekneskapen i rapporteringa. Alle instansane har forskjellige spørsmål som skal svarast på i tekstbolkar vi skal fylla ut og forskjellige rubrikkar for budsjetterte postar frå vårt budsjett. Alt må no gjerast på nytt for kvar enkelt søknad. «I gamle dage» kunne vi sende ein søknad med like vedlegg til alle søkeinstansar. Det var faktisk Terje Winther, De unges Orkesterforbund, inne på i sitt 3-minuttsinnlegg: Kvifor opprette endå fleire søkeordningar enn i dag, med nok eit unikt skjema som skal fyllast ut? Korfor kan ikkje frivillige lag registrere seg ein stad, og så kan søkeinstansane hente opplysningane til søknaden der? Veldig godt poeng for oss som kunne vunne mange dagsverk i forenkling.

Fremst i søknadsskjemaet bør det difor stå ei punktliste over kva for obligatoriske tekstfelt (med maks posisjonar) og kva for obligatoriske vedlegg (PDF) som det kjem krav om i søknaden. Sjølv om eg las skildringa av søknaden godt, oppfatta eg ikkje at budsjett og finansieringsplan ikkje kunne stå på same PDF-side. Midt inne i søknadsutfyllinga måtte eg gå ut for å skilje budsjett og finansieringsplan frå ei til to PDF-sider.

Søkar må kunne bla fram og tilbake i skjemaet før alt er ferdig utfyllt.

#### Til spm. 2:

A Ved å forenkle søknadsskjemaene, jf. nr 1. Oppgi namn på sakshandsamar og telefonnummer.

#### Til spm 3:

A Eit eventuelt regionalt kulturfond må øyremerkast, slik at staten sikrar seg at rammene blir bruka til kulturformål ute i heile fylket uavhengig av politisk fleirtal i fylkeskommunen.

B Eit regionalt kulturfondet må kome i tillegg til fylket sine frå før tildelte statlege rammer til kultur, og ikkje i staden for! Når vi som søker i dag berre får innvilga delar av søknadsbeløpet, må vi justere budsjettet og sende fleire søknader for å få naudsynt delfinansiering slik at vi kan gjennomføre prosjektet vårt.

#### Til spm 4:

A Eit regionalt kulturfond må forvaltast av fylkeskommunen og ikkje leggest til ymse interkommunale politiske råd, IPR. Det er fylkeskommunen som har kompetansen, verktøyet og kontakten med kulturlivet ute i kommunane. Dersom departementet skulle velje å legge eit nytt kulturfond til ymse IPR, ville det blitt fire offentlege søknadsnivå for lokale lag og foreningar å orientere seg blant. Det ville blitt ei tyngre administrative bør. For alle.

B Det som tek altfor mykje administrativ tid for t.d. meg som arrangør i Hadeland dialekt- og mållag, er å fylle ut kvar enkelt unike, elektroniske søknad, før vi kan legge ved program, heilheitleg budsjett og finansieringsplan som vedlegg. Når arrangementet er over og rekneskapen er gjort opp, skal vi rapportere til kvar enkelt av instansene vi har fått tilsegn om stønad ifrå. Då er det på'an igjen med å plukke beløp frå rekneskapen til kvar enkelt av dei rubrikkane i budsjettet som vi søkte på grunnlag av, før vi kan legge ved rekneskapen som PDF-vedlegg.

C Som kulturformidlar er vi usikre på om det er lurt å opprette fleire regionale pengepottar, i tillegg til prosjektmidla vi søker fylket frå før. Ville det ikkje vore mindre byråkratisk og mykje enklare å auke eksisterande rammer på fylkeskommunalt nivå? Då kunne kvar enkelt søkar fått større prosentdel av delfinansieringa vi søker om. Det ville forenkle arbeidet vårt om vi slapp å søke så mange stader om delfinansiering til prosjekta våre.

D Skal det opprettast nok ein pott å søke på, måtte det bli stønad til drift av lag og foreningar som fyller visse vilkår, som t.d.:

- 1) er registrert i frivilligregisteret
- 2) har ei form for kulturformidling som føremål i vedtektene
- 3) kan dokumentere at vi driv med kulturformidling som er ope for alle
- 4) driv kulturaktivitet og offentleg formidling på dugnadsbasis, utan heil- eller deltidstilsette.

Beste helsing

Reidun Ramse Sørensen

for styret i Hadeland dialekt- og mållag, orgnr. 916 301 189

<https://hadeland-dml.no>

Facebook: Hadeland dialekt- og mållag



3. juni 2022. Foto: Reidun R. Sørensen